

NR 3 - JUNI 2022
ÅRGANG 45



**FITJAR
KYRKJEBLAD**



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontortider:

Opningstider vekedagar
kl 1000-1130 og 1230-1500

Kyrkjeverje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Roald Drønen 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Brit Kannelønning Olsen (vikar)
briols@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Wenche A. Helland 901 33 397

Leiar Diakoninemnd:

Annbjørg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørffonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet/kyrkjebladet

(Skriv om du vil øymerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805

Framsdebilete:

Roald Drønen og Olav Johannes Oma

Redaksjonelt



Takk til Gud, og takk til Fitjar

Roald Drønen

Dersom Gud får vera med på vegen, kan det mest uventa skje. Når eg no avsluttar presteteneste mi, som eg vart ordinert til for 40 år sidan, kan eg skiva under på det. Jobben som prest har ført meg til stader og land eg aldri hadde tenkt. Ja, berre det å ta sjansen på å bli prest var eit stort vågestykke.



Men Gud kan leia oss menneske på

underfullt vis. Det siste Jesus sa til venene sine før han for opp til himmelen var: «Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Lovnaden var altså at han ville vera med i ei framtid som var ukjent. Dette var ikkje berre noko som galdt dei som var på fjellet for 2000 år sidan. Mi og mange andre si erfaring er at han står ved ordet sitt og er å stola på; også i dag.

Når eg har kjent på tvil og vore usikker, har det vore trygt og godt å vita at Gud er sterkare og visare enn meg. Om taket har glippa hos meg innimellom, har hans allmaktshand halde meg fast.

Difor kjenner eg no på stor takk til vår trufaste Gud som har gått ved sida mi og leia meg alle desse åra.

Eg har også lyst å seia ein stor takk til Fitjar kyrkjelyd og folket her. Eg kom frå Liverpool og byrja som kyrkjelydsprest i 1995. Seinare er eg blitt teken imot to gonger til. Det kallar eg å vera raus! Eg har fått vera prest her i alt 12 år. Det har vore gode år for meg. Og få avslutta mi prestetenesta her er eg svært takksam for. Og om de lurar på det så har eg ingen tankar om å forlata Fitjar. Det kjennest trygt og godt.

Med desse orda seier eg takk for meg og ynskjer alt godt og Guds rike velsigning over folket i Fitjar.

Olav Johannes Oma er tilbake

Bjørgvin bispedømeråd har tilsett Olav Johannes Oma som ny sokneprest i Fitjar. Han har takka ja til stillinga og det vert innsetjingsgudsteneste i Fitjar kyrkje søndag 28. august.



Minnemarkering

I tider med krig i Europa og millionar av menneske i Ukraina er på flukt frå landet sitt, er det ei påminning til oss i vårt fredelege land kor viktig det er å minnst dei som gav sitt liv for fridomen for oss alle under 2. verdskrigen. Ordførar Harald Rydland var med og markerte dette ved støtta utanfor kyrkja 17. mai.

Foto: Ole Sandvik



Ny kyrkjetenar i Fitjar kyrkje

Sofie Rimmereid

sluttar som kyrkjetenar no i sommar. I tillegg til å førebu og gjera kyrkjerommet klart til gudsteneste, har Sofie også teke seg av reinhald. Vi er svært takknemleg for den jobben ho har gjort i tre år, og ynskjer ho lukke til vidare i livet.

Det er viktig å ha med ungdomar i dette arbeidet i kyrkja. Difor er vil glade for at **Asbjørn Jordan Raunholm** no vil ta over etter Sofie. Reinhald er no lagt til andre i staben.



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 2. september til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 14. september. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Roald vert pensjonist

Etter eit langt liv som prest, med ikkje mindre enn tre periodar i Fitjar, vert Roald Drønen pensjonist i sommar.

T: Harald Johan Sandvik - F: Torbjørn Hovland

Dei fleste veit at Roald vaks opp i ein fiskarfamilie på øya Hundvåko i Austevoll. Der var det inga kyrkje på den tida, og berre to-tre gonger i året reiste dei til Storebø og var i kyrkja der. Difor vaks Roald opp på bedehuset, der det ofte var møte, gjerne med tilreisande emissærar. Då sette gjerne Roald seg på fremste benk på sida av emissæren. Foreldra sette seg alltid lenger bak i salen.

Roald er blitt fortalt at då han var fire år, sa han at han ville verta prest. Då sa tanta hans at det ville passa veldig godt! Han hadde så lang hals! Det ville verta god plass til den kvite prestekragen!

Han vaks opp i eit miljø der det slett ikkje var tradisjon for å reisa seg og ta ordet i forsamlingar. Det var berre nokre få utvalde i familien som skulle gjera det. Rundt bordet kunne samtalen vera både høgrøysta og engasjert, men reisa seg, det gjorde dei ikkje!

Når gutane vaks til, var det heilt naturleg å reisa på fiske, slik fedrene gjorde. For Roald var det annleis. Han var aldri hekta på sjølivet, det var mykje kjekkare å spela fotball!

Etter realskulen var det gymnas, og Roald reiste til Os. Der kom han inn i eit kristent ungdomsmiljø der presten Fimreite var samlingspunktet og ein stor inspirator for ungdomane. Fimreite var oppteken av å rekruttera ungdomar til presteteneste, og etter eksamen på gymnaset i 1975 reiste



Roald til MF i Oslo for å studera teologi. Der var dei sju teologistudentar samtidig frå det same ungdomsmiljøet i Os. For alle desse var planen å verta prest! Det året starta 120 kandidatar på teologistudiet.

Roald var blitt utfordra til dette studiet, men han var stille og forsiktig. Det var krevjande å finna seg til rette mellom frimodige medstudentar. Han sa til Gud: «Eg går her til du stoppar meg!» Han vart ikkje stoppa.

Han tok praktikum på Universitetet, og der var han med i ei gruppe på ti personar. Åtte av dei var bevisste, svært taleføre folk, og diskusjonane var friske. Roald og ein til sa lite i diskusjonane, men det vart ikkje godteke av dei andre. Dei to fekk høyra: «De må seia noko!»

Etterpå seier Roald at dette var ei svært viktig oppmuntring i livet hans, og at han kom inn på eit anna spor då. Han vart dytta uti, og måtte ta ordet!





I 1982 var tida komen for å søkja prestekall. Det var utenkjeleg å søkja soknepreststilling, ein rolle som kapellan måtte passa i ei læretid. Han la inn nokre søknader. Men soknepresten i Leksvik skulle flytta, og han oppfordra Roald til å søkja på den ledige stillinga der. Fire personar søkte Leksvik, og dei tre andre var «kanoner»! Biskopen innstilte desse tre, og ikkje Roald.

Kjell Magne Bondevik var nettopp blitt kyrkje-og undervisningsminister, og hadde ansvaret for å innstilla til prestestillingar. Dei vart då utnemnde av Kongen i statsråd. Kyrkjeministeren sine innstillingar vart til vanleg følgde. Bondevik sin filosofi var å følgja dei lokale sokneråda sine innstillingar, det var dei som skulle slita med denne presten. Soknerådet i Leksvik hadde Roald på topp!

Ein dag ringde Roald til departementet for å høyra kor han stod. Då fekk han eit uventa svar: «Du trenger ikke ringe hit mer, for i dag er du utnevnt av Kongen i statsråd til sokneprest i Leksvik!» «Det hadde eg ikkje trudd! Eg var ikkje innstlt av biskopen.» svara Roald. «Nei,» sa dama i departementet, «dette har aldri skjedd før!»

I dag tenkjer Roald at dette var Guds leiing, og det var inga tenkjetid. Var du utnemnd, tok du imot.

Det vart ni fantastiske år i Leksvik. På den tida flytta mange småbarnsfamiliar til den vesle kommunen med 3.000 innbyggjarar, og kristenlivet blømde.

Fotballen engasjerte Roald her også, og han sette seg verkeleg i respekt på banen. Eitt år vart han «Året sin spelar»! Opp gjennom åra har fotballbanen vore ein

god inngangsport til kontakt med mange ulike menneske, og her kjende han seg personleg trygg. Her gjaldt det handlingar framfor ord.

Ein kamerat fortalde at det var ledig stilling som sjømannsprest i Liverpool, og han oppfordra Roald til å søkja. «Den kan du sikkert få!» sa kameraten. Her fekk Roald tre lærerike år.

I Liverpool var han også prest for norske studentar i England og Skottland. Han reiste mykje, og hadde gudstenester og andre samlingar i Newcastle, Glasgow og Edinburgh.

Skipsbesøka var veldig kjekke. Etter oppveksten i Austevoll kjende han seg heime mellom sjøfolka.

Ein dag kom det brev frå Ole Kristian Våge, soknerådsleiar i Fitjar. Han ynskte å få Roald som søkjar til stillinga som kyrkjelydsprest. Roald skreiv ein kort søknad, der han også nemnde at han hadde tre gode minne frå Fitjar frå gutedagane: Sveiseneset, fotballbanen og tante og onkel i Vik.



Forts. neste side



Foto: ??

Så vart det sju veldig gode år i Fitjar. Soknepresten, Herman Inge Aadland, gav han frie taumar. «Du må berre ta deg ut!» sa han. Det vart mange Alpha-kurs med god oppslutnad, og oppstart med KRIK saman med gode medspelarar. Roald var kjend med KRIK frå før.

I 2002 vart det flytting igjen, til Belgia og sjømannskyrkja i Antwerpen. Det er spanande å verta kjend med språk, kultur og vareutval! Det vart tre år i ein veldig fin by. Når nokon kjem heim til Norge igjen etter nokre år i utlandet, ser dei at me har eit fantastisk land!

Vel heime igjen fekk Roald vikariat som sokneprest i Fitjar. Prestegarden skulle opprustast, og tilsetjing av ny prest vart difor utsett i eitt år.

Roald søkte då stillinga vart utlyst året etter, og han vart innstilt som nummer ein. Kvelden før tilsetjingsmøtet i bispedømet, fekk Roald ein telefon frå Austevoll. Det var frå DOF på Storebø. Spørsmålet var om Roald kunne tenkja seg å jobba hos dei. Det var så freistande at han sa ja!

Det innleia ein periode på fem år i det private næringslivet, først hos DOF og deretter hos Vik-Sandvik AS på Fitjar. Dette selskapet vart selt til finske Wärtsila, og Roald var med også der i ein kort periode.

Kva så vidare? Han vart tilsett som prest på Bømlo, med særskilt ansvar for sokna Lykling og Bømlo. Miljøet med fiskeri og shipping tiltalte han, og folket tok godt imot. Her vart det sju gode år.

Tidleg i Bømlo-perioden fekk Roald realisera noko han hadde tenkt på lenge. Saman med ein kollega starta han opp med seminar kyrkje/ næringsliv, noko som var svært vellukka. Det vart arrangert seks slike seminar, det første på Bømlo og dei fem siste på Høgskulen på Rommetveit.

Så vart det utlyst vikariat for soknepresten i Fitjar på grunn av at Olav Oma fekk eit vikariat på Stord. Roald tenkte at det å få dei siste tenesteara heime på Fitjar, kunne vera ei god løysing.

Han opplevde det veldig godt å koma tilbake. Her var han kjend, her var heimen deira, og han trong ikkje nokon tilvenningsperiode. Det har vore ei veldig fin tid, og han opplevde at han vart teken imot med opne armar. Han har levd saman med bygdefolket i glede og sorg.



Det har blitt mange digitale gudstenester frå våren 2020.

No, som komande pensjonist, vert det ein ny situasjon. Han ser fram til det, sjølv om planane ikkje er heilt klare enno.

I prestetida har han vore veldig glad i å møta menneske. Med bakgrunnen hans utan kyrkje og gudsteneste, har han spurt seg sjølv om korleis han kunne verta prest? Då har han tenkt at det er blitt naturleg for han å vera den som har ordet, og så er det ein god liturgi i tillegg. I den ligg bibelske sanningar som alltid står fast. Likevel er det kjekkast og enklast å sitja på bakerste benk.

Han er audmjuk i rolla som den som får lov til å vera leiar for kyrkjelyden. Desse siste åra i Fitjar står for han som ei svært god tid. Han har sjeldan gledd seg direkte til å preika, men det hender no. At nokon kan vera flinkare, er heilt OK. Gud får gjera resten. Kan ein verta trygg med seg sjølv, er mykje vunne. Det har aldri vore lett å skriva preiker, men heldigvis er det ein ny tekst kvar søndag.

Det enklaste er ofte det beste. Jesus døydde og stod opp igjen for oss! Det er nok!

Roald vil dela eit bibelvers med Kyrkjebladet sine lesarar. I Matteus kapittel 11, vers 28, seier Jesus: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gi dykk kvile!» Det er eit vers Roald har fått. Då veit han at det er Jesus han kan gå til, i alle situasjonar. Og heldigvis, denne innbydinga går ut til oss alle!

Endå ein dugnad avslutta!

Denne gongen var det dåps- og prestesakristia som stod for tur.

Gunn Kvernenes og Anne Britt Tornes

Utgangspunktet var kyrkjeringen si gåve på rundt 18 000 kr, som dei ynskte skulle brukast til oppussing av nett desse romma. Dette hadde vore omsnakka i fleire år – sidan førre dugnaden - og var sårt tiltrengt både funksjonelt og estetisk.

Det vart laga ei skisse, og soknerådet hadde knapt godkjent denne før vi var i gang.

Den alltid positive Eirikur tok hovedansvaret for malararbeidet, godt hjulpet av ein heil gjeng dugnadsfolk. Det vart ei stor endring på romma då dei gjekk frå mørkna trepanel til ein mellomgrønn tone! Fargen vart valt ut frå at den hadde ein slektskap med fargen i kyrkja.

Den gamle foldeveggen – som ikkje fungerte lenger- vart teken ned, og ny, lydisolert vegg sett opp av Kjetil Hagevik Ragde. Vi fekk eit kjempetilbud frå Engevik og Tislevoll på materialar og dør. Ein stor takk! Ny dørplassering gav også høve til meir funksjonell innreiing.

Det blei brukt ein del tid på Finn.no for å kunna nytta oss av gjenbruk. Vi vart veldig nøgde med innkjøpa, som vart henta frå Fyllingsdalen i nord til Haugesund i sør, med Kjetil bak rattet i kommunebilen.

Så no er sakristia og kyrkjerommet blitt meir ein heilskap, og sakristia mindre som eit «tilbygg». Dåpsakristiet har fått ei god sofagruppe, og prestesakristiet eit stort arbeids-/møtebord, i tillegg til mykje god oppbevaringsplass.

Dugnadsgjengen var med på alt frå nedvasking, pussing av vindu, grunning og maling, til møblering. Ein flott jobb!

Som avslutning og takk til dugnadsfolket hadde vi ein hyggeleg lunsj i kyrkjestova. Her ser du bilete av heile gjengen – Trygve Eiken hadde ikkje høve til å vera med på lunsjen.



Over: Dugnadslunsj
Under t.v.: Dåpsakristiet
Under t.h.: Prestesakristiet



Diakonitur til Flor&Fjære 30.05.22

Å reisa på tur, arrangert av diakoninemnda i Fitjar, er ei storhending. Ekstra stas var det i år, sidan det grunna pandemien, er to år sidan sist, men 30. mai kunne 50 forventningsfulle fitjarbuar setja kursen til Flor og Fjære i Ryfylke. Forventningane var høge, og me vart ikkje skuffa, har berre høyrte godord frå deltakarane om turen.

Anne Marie Røed

Me fekk omvisning i eit gedigent hageanlegg på heile 50 mål med dei vakraste blomstrande planter ein kan tenkja seg. Her var eksotiske tre og planter frå fjerne strøk, som t.d. California og Sør-Amerika. Me fekk jamvel sjå ein kaktus kalla «svigermors stol» !

Men turen gav oss deltakarar meir enn opphaldet på Flor og Fjære. Under bussturen fekk me servert lokalhistorisk stoff av ein engasjert Halvard Wiik. Han fortalde også den eine gode historia etter den andre, til stor glede og til mosjon for «lattermusklane».

Grete Sætre las for oss salme 23 frå Bibelen. Ho formidla dei trøsterike orda om Herren som den gode hyrdingen, varmt og med personleg tilnærming.

Diakoninemnda hadde og stor omsut for våre lekamlege behov under reisa. Me fekk servert frukt og forfriskningar på veg til Ryfylke. På heimvegen fekk me kaffi og velsmakande heimelaga bakst.

På alle vis vart me tekne godt vare på. Eg vil difor retta stor takk til diakoninemnda ved Annbjørg Stjern Tvedt, Halvard Wiik, Grete Sætre, Inger Marie Gilje og Bodil Nessa for denne minnerike turen og håpar de vil arrangera tur også neste år. Då vert eg med!



Brutal velkomst og makalause 2,5 cm

Måndag 4. april var det praktfull operakonsert i kyrkja. Barytonsongar Leif Jone Ølberg saman med sin far, Lars Bernhard Ølberg på piano, gav oss ei musikalsk påskevandring med verk av Händel og fleire andre.

Torbjørn Hovland

Men før konserten vart det eit smertefullt møte med kyrkja for pianisten. Det var svært kraftig vind ute, og kyrkjedøra small saman over eine handa hans. Den hovna kraftig opp, og han fekk i tillegg store kutt i issen og panna. Lars ville likefullt prøva å spela, men det måtte verta noko forenkla fingerdans på nokre av tangentane. Men truleg var det ingen av publikum som følte at det mangla noko i akkompagnementet.

Høgdepunktet var uansett røysta til Leif Jone Ølberg. Stemmebanda hos ein vaksen mann kan verta 2.5 cm lange, og me fekk verkeleg demonstrert kva ein kombinasjonen av talent, utdanning og øving kan gjera med denne vibrerande luftspalta. Leif har vore opera- og oratoriesongar i Danmark i fleire år, og har sunge opera så langt borte som Nairobi.

Det var mest ubegripeleg at ei enkel røyst kunne fylle kyrkja med slik kraft og autoritet, samstundes som kvart enkelt ord vart tydeleg uttala. Og ikkje nok med det, han spela også fiolin innimellom operasongane.

Denne konserten var endå ei påminning om kor mykje større oppleving song og musikk er i levande live, samanlikna med radio og fjernsyn. Ikkje noko dyrt stereoanlegg kan formidla nerva, nærværet og alle klangnyansane frå artistar som står like framfor deg.

Takk for ei stor oppleving.



Foto:
Anne Hardeland



Rad 4 f.v.: Daniel Livastøl Aga, Emil Helland Koløen, Leander Træet, Georg Solli, Lars Olai Solli, Birk Træet, Martin Eiken, Bjart Sandvik Bø, Jone Helland Kannelønning, Sander Sebastian Heggøy Maarås, Karl Theodor Engesund og Sondre Olai Aarskog

Rad 3 f.v.: Ørjan Havn Nesbø, Aragon Birkeland, Trym Træet, Markus Tufteland Thomassen, Nikolai Olsen, Mikal Helland Skumsnes, Marius Pedersen, Sebastian Brakedal, Erik Helland Gjørseter, Ivar Hjelmen, Sindre Skumsnes og William Seivåg-Hauge.



Rad 2 f.v. Tuva Aarbø, Nadine Gloppen Rimmereid, Hanne Rimmereid, Hildegunn Olsen Aadland, Amalie Meinel Bergesen, Ingeborg Henriksen Sørfonn og Andrea Våge Helland

Rad 1 f.v. Anna Fitjar Hjelle, Andrine Thomassen, Lisa Mjanger Vik, Maria Helland Forland og Linnea Olsen Heggland

Roald Drønen og Randi Lønning Matre

Foto: kunstivest.no

Corona med glede og kake

I to år har ordet corona vekt så mange negative kjensler, og assosiasjonar til isolasjon, sjukdom og død. Men 24. april fekk me oppleve at Corona gav oss rein livsglede.

Torbjørn Hovland

«Corona» tyder stråleglans, og damekoret frå Stord med 21 medlemmer har vore aktive i 15 år + 2 år i pandemikarantene.

Med sin dirigent og pianist Irene Simonsen inviterte dei til jubileumskonert i kyrkja, saman med Ole Jakob Hystad på saksofon og Liv Hanna Raunholm på tuba. Me

fekk oppleve eit utruleg samkjørt og mangefasettert kor med stor spennvidde i musikkartar og arrangement.

Koret strålte av musikk- og formidlingsglede, og særleg den utrulege timinga og presisjonen imponerte oss. I songar som «Chili con carne» og «Voi Voi» var det så svingande og lekande elegant at det var vanskeleg å begripa at dette var eit amatørkor.

Og velværet fortsatte etter konserten, då kunne jubilarane by på kake til publikum.

Det var ingen tvil, denne varianten av corona vil me gjerne ha meir av.



Gudsteneste i Kråko i sommar

Det har blitt ein god tradisjon med gudsteneste i Kråko midt på sommaren. Dei siste åra har Herman I. Aadland leia denne gudsteneste, og Harald Rydland har hatt ansvar for musikken saman med gode medhjelparar. Slik vert det i år også. Gudstenesta er bestemt til 17. juli kl. 11.00. Det vert høve til å kjøpa seg mat i kafeen der etter gudstenesta.

Prestevikar

Stud. theol. Runar Larsen er godt kjend i Fitjar etter å ha vore prestevikar her fleire somrar. Han kjem hit for å gjere presteteneste i år også.



Skiweekend med KRJK og Tentreff

Ein fredag kveld i april møtte Tentreff-medlemar, og ein del internatbuarar, opp utanfor bedehuset på Fitjar. Då fordelte me oss opp på dei tre bilane me hadde og kørde opp til Seljestad og Korlevoll skistadion. Der var bordet dekkja fint på, klar for kveldsmat.

Torbjørn Eiken og Alma Brekke

Resten av kvelden hadde me det sosialt, med kortspel, mafia, gøymsel og diverse andre leikar. Det var og ein andakt av Håkon med tema "å sjå kvarandre", før me tok kvelden, gira for neste dag.

Da hanen gol neste dag klokka 8, var frukosten klar etter som nokon var mindre morgontrøytte enn andre. Etter ein kort morgonandakt og litt info, heiv me oss i gang og gjorde oss klare for ein dag i ski-trekket i Røldal.

Me var heldige og hadde nydeleg vêr, med masse sol og ein kokande temperatur. På tross av knall og fall, ein ufrivillig backflip (som blei landa med glans), hadde me det strålende i nedoverbakken, samt som i parken fullt med diverse hopp og hinder. Då klokka nærma seg fire, samlast me på toppen av bakken for å stå over fjellet, direkte ned til Korlevoll, via Tjoaminnet.

Då me var nede etter nedfarten, stod tacoen klar, for ein svolten og sliten gjeng, på bordet. Etter mat sat me alle og tok det roleg, med kortspel og film oppe. Det varte heilt fram til ein sprek gjeng bestemte seg for å gå og sjå solnedgangen på ein av dei nærliggjande toppane. Det viste seg og vera ekspedisjon der me hadde livet som innsats, ettersom det var umogleg å svinga eller bremsa på veg nedover. Heldigvis kom alle like heilskinna ned, klare for andakt og ein fin kveld på hytta.

Søndags morgon sov me litt frampå etter ein sein kveld dagen før. Me var opplagde og klare for ein dag ute i snøen og finvêret. Nokon hadde ein tur opp til Oddavarden på 940 meter over havet, medan andre for tilbake til Tjoaminnet og stod ned der ein gong til. Resten var ute og aka, lagde skihopp og rettleig koste seg i snøen.

Klokka to fekk me servert viltgryte. Etterpå pakka me ned, rydda, og vaska oss ut av hytta etter ei fantastisk helg. Det var mange nydelege folk, både deltakarar og leiingar. Stor takk til alle for ei fin og minnerik helg.



Båten

Den 19. mai var ein flott gjeng frå 4. og 5. trinn samla til trusopplæringsarrangementet BÅTEN! Veret var ikkje heilt på sitt beste, men det gjorde ingenting, for i slikt ver får ein fisk!

Randi Lønning Matre

Kvelden før vart det sett fleire garn i Storavatnet! Det var veldig spennande å dra ut på vatnet med gjengen i kano og båt for å dra garna. Og det vart mange fiskar.

Desse vart sløgde, fileterte og steikte. Ungane stod i lang kø for å smake på auren. Og den var god.

Ute på vatnet fekk dei høyre om då Jesus gjekk på vatnet. På land fekk dei steike pinnebrød og høyre historien om då Jesus møter læresveinane på stranda etter at han har stått opp og gir dei fisk og brød.

På land hadde me også ei hinderløype med mange ulike oppgåver og konkurransar! Det var både gåter, bibelforteljingar, symbol, gå på slakk line og og kaste erteposar på blekkboksar.

Me fekk ikkje tid til å kåre ein vinnar av denne konkurransen, men det var tett i teten. Difor vil me kunngjere vinnarane her: Gratulerer til laget «Kompass»! På bilete ser de at dei jobbar godt saman. Det gjorde dei andre laga og. «Anker» kom på 2. plass, «Ichtus» og «Redningsbøye» kom på delt 3. plass!

Takk for ein kjekk ettermiddag ved Storavatnet. Takk til alle som var med og gjorde dagen kjekk; barn, ungdommar og vaksne <3.



Idyllisk i Breiavikjo ved Storavatnet





Babelsk forvirring

Gud bestemte at alle som bygde på tårnet, skulle snakke ulike språk.

Desse fem mennene leitar etter kvar sin hammar, men ingen av dei forstår eit einaste ord av kva dei andre seier. Kan du finne verktøyet deira? Dei har to hamrar kvar!



Friluftsgudsteneste 2. pinsedag i Fitjarfjellet



Over 100 personer fann vegen til Kidnavatnet 2. pinsedag i det flotte veret. Her vart bibelteksten om Babels tårn gjort synleg gjennom konkurranse i legobygging.

Foto: Torbjørn Hovland



TRUSOPPLÆRING

«Med Jesus i båten»

Babysongkurs:

Samling på Fitjar
bedehus anna
kvar tysdag
kl.10:30 – 12:00.

Babyar (0-12
månader) saman med ein
vaksen. Songstund, og
nistelunsj saman etterpå.
Datoar: 6/9, 20/9, 4/10, 18/10,
1/11, 15/11, 29/11 og 13/12



Småbarnssong:

Samling ein onsdag i
månaden kl. 17:30 –
18:30. 1-4 åringar
saman med ein
vaksen Songstund,
bibelforteljing og
nistekvelds.

Datoar:
7/9, 5/10, 2/11 og 29/11



Den gode gjetaren:

Samling tysdag ettermiddag
kl. 17.00. 5-åringar saman med
ein vaksen. Song og
bibelforteljing, aktivitet og
bollar og saft.

Dato: 31/8

Vidare:

Samling for ungdom i
kyrkja ein tysdag i
månaden |
kl. 19:30-21:00
Datoar: 20/9, 18/10,
8/11, 6/12

vidare!

Temakveldar hausten 2022



25.august
Sigvart Dagsland Trio
Konsert



29. september
Helge Gudmundsen
«Frivillig, livsglede og
menneskeverd»



27. oktober
«Herrens glade gutter»
Broder Åge og Elvis i
salig blanding.
Foto: Ole Sandvik



24. november
Tabula Rasa
«Snøroser», Konsert

Temakveldgruppa/soknerådet



Konsert i Fitjar kyrkje
torsdag 25. august kl. 19.30

Billettar kr. 350.

Billettkjøp: ticketmaster.no

Billettsal også i dora, vipps el. kontant



Temakveldgruppa/
soknerådet

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no

Hår loftet
OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13
Fiks frisyren hos oss!
Treff oss i 2. etg i Larsen bygget
For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Torunn K. Aarskog
404 04 146

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Faglig tyngde og godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



**Videoen
Kiosk**



**Engevik &
Tislevoll AS**

Telefon:
53 45 73 00
E-post:
post@engevik-tislevoll.no

Ledig annonseplass



AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21



www.heimli.com
Havnavegen 90, Fitjar

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700

Ledig annonseplass

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døpte:

10.04.

Truls Henriksen
(feil dato i forrige blad)
Robin Thorland Helland
(feil dato i forrige blad)
Marie Iversen Egebakken
Filip Gloppen Nesbø

17.04.

Oskar Søndenaå Oma

24.04.

Selma Emilie Sandvik Standal

01.05.

Harlie Kristiansen Hareide

29.05.

Emil Helland Torland
Håkon Ersland Mehammer

Vigde:

11.06.

Ingvild Polden Andersen og
Asgeir Larsen Andersen

Jordfeste:

Tor Koløen

f: 06.05.1936 - d: 05.04.2022

Oddvar Nygård


f: 17.06.1971 - d: 30.04.2022

Dag Halle Tvedt

f: 03.12.1947 - d: 08.05.2022

Marit Tufteland

f: 30.12.1948 - d: 04.06.2022



Gudstenester

<u>Dato</u>	<u>Kl.slett</u>	<u>Kyrkjeår/merknad</u>	<u>Takkoffer formål</u>
26.06.	11.00	3. s. i treeiningstida	Kyrkjelydsarbeidet
03.07.	11.00	4. s. i treeiningstida	Norea Mediamisjon
10.07.	11.00	5. s. i treeiningstida	Kyrkjelydsarbeidet
17.07.	11.00	6. s. i treeiningstida	Tro & Medier
24.07.	11.00	7. s. i treeiningstida	Kyrkjelydsarbeidet
31.07.	11.00	8. s. i treeiningstida	IKO - kirkelig pedagogisk senter
07.08.	11.00	9. s. i treeiningstida	Kyrkjelydsarbeidet
14.08.	11.00	10. s. i treeiningstida	Norsk Lærerakademi (NLA)
21.08.	11.00	11. s. i treeiningstida	Kyrkjelydsarbeidet
28.08.	11.00	12. s. i treeiningstida	Gå ut senteret - bibelskole i Trondheim
04.09.	11.00	13. s. i treeiningstida/Konfirmant-presentasjon	Kyrkjelydsarbeidet/ungdomsarbeidet
11.09.	11.00	14. s. i treeiningstida/Søndagsskulens dag	Søndagsskolen i Fitjar/ Tysdagsklubben i Øvrebygda
18.09.	11.00	15. s. i treeiningstida	NMS sitt prosjekt i Mali